

## REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 05.06.23

Sak nr: 03b/23

Sakshandsamar: Kjøpstad/Fredriksen

### Eigeninkasso i Alver kommune

#### Vedlegg:

Dokumentasjon fra Alver kommune

#### Saka

NGIR har brukt Intrum (tidlegare Lindorff) som inkassoselskap sidan omlag 2004, for alle krav NGIR sendar ut. Løysinga har vist seg å vera svært effektiv og god administrativt både for NGIR og eigarkommunane. Den er og ei kostnadseffektiv løysing der NGIR berre betalar for sakar som trekkast og rettsgebyr, elles dekkast alle kostnadene av dei gebyr Intrum legg på krava.

Etter samanslåinga av Alver kommune er det kome ei endring for inkasso for hushald- og hyttekundane i Alver kommune. Den administrative fellesnemnda for samanslåinga av Lindås, Meland og Radøy kommune vedtok at Alver skulle ha eigeninkasso for alle dei kommunale krava i Alver kommune, inkludert renovasjons- og slamgebyr som NGIR fakturerer. Administrasjonen har etterspurd ei kopi av vedtaket, og det som er motteken fylgjer som vedlegg. Det ser ikkje ut som NGIR har vore involvert i prosessen og avgjerdene. Oppstarten med eigeninkasso var 1. januar 2021, men den har vore krevjande grunna at dei administrative systemet ikkje har vore klart. Når systemet for inkassoløpet kjem på plass i løpet av våren vil det nok verte mykje betre, og Alver kommune ved Avdeling for løn og rekneskap lovar at dette skal fungera lika godt som ved Intrum si løysing.

Det har tidlegare vore sagt at Alver ikkje kan handtere fleire faktureringar enn fire pr år, men Avdeling for løn og rekneskap meldar no at dei kan klare så mykje som månadlege faktureringar.

Avdeling for løn og rekneskap i Alver, har og tidlegare meldt at det vil kome ei ekstrakostnad knytt til inkassoarbeidet, som NGIR må betala. Dette har NGIR meldt tilbake at ikkje vil vera rett, da vi ikkje betalar noko for løysingen hos Intrum. Det vil heller ikkje vera rett å belaste sjølvkostområdet for kostnadene for inkasso og belasta dette på alle dei kundar som betalar i rett tid. Om det kjem eit kostnadskrav frå Alver vil administrasjonen ta denne saka opp i styret og representantskapet.

Spørsmål NGIR har reist til Alver kommune v/løn og rekneskap i samband med eigeninkasso, utover punkta omtala over er:

### Kva tenestenivå kan Alver tilby.

NGIR har i dag ulike tenester gjennom inkassobyrå som mellom anna er å melde i bo, overvaking (dei krava der ein ikkje kjem i kontakt med skyldnar) og juridisk bistand. Alver kommune vil truleg ikkje ha same moglegheit då dei ikkje er av same storleik som Intrum. Alver kommune melder at dei har tilgang til same system for å finna skyldnarar, men har då ikkje like stor portefølje/erfaringsbase av krav å leita i.

### Likebehandling mellom kommunar på Inkasso.

Det er uheldig at inkasso vil verta handsama ulikt mellom kommunar, med lik forskrift og like retningsliner. Krava vil no handsamast ulikt, då det er ulike verktøy som vert bruk i innfordringsløpa. Tilpassingar innan for rammer vert gjort òg i dag, men ein handsamar ikkje ut i frå ulike prinsipp. Det er og nemnt at ein i Alver ønskjer at uteslåande beløp skal bli av ein viss storleik før ein går til tvangsinndriving. Dette er ulik praksis i forhold til dei andre kommunane, der ein har innkreving per termin og løpet føl ei gitt tidsline. Lovgjevar har ikkje satt ein minstegrense for storleik på gebyr i samband med legalpant. Det NGIR erfara er at det er viktig at sakene vert løyst etterkvart utan at det hopar seg ytterlegare opp for skyldnarar.

### Forskjell i innkrevingsprinsipp

Det er, som nemnt over, uheldig at inkasso vil verta handsama ulikt, med lik forskrift og like retningsliner. Dette vert forsterka når ein innbyggjar i vår region som kan bu i ein kommune og kan ha fritidsbustad i ein annan. Det vil verta krevjande for NGIR å forklara innbyggjarane kvifor det vert handsama på ein måte i den eine kommunen og på ein annan måte i den andre kommunen. Særleg viss eit av løpa kan opplevast som strengare. Denne ulikheita vil vera ein realitet så lenge ein har eigeninkasso i ein av kommunane.

### Avskriving av krav jf. punkt over.

Inkassoselskap vil berre avskriva krav der eigedomen er i slik stand at den ikkje kan omsetjast. Det kjem signal frå Alver kommune at dei vil gjera vurderingar på avskriving av krav utover dette, men det skal i følgje kommunen ikkje verta omfattande – skal då ikkje gjelda mange saker. Har vore nemnt i korrespondanse at avskriving vil verta vurdert der omkostningar med inndriving av krava vert vurdert til å verta for store. Dette vil òg vera ein skilnad i forhold til dei andre kommunane i NGIR området som har inndriving av gebyr gjennom inkassoselskap. Evt. avskrivingar som vert belasta dei som betalar rettidig, kan bli sett på som urettvis. Då dei som betalar rettidig får ei «dyrare» løysing. Administrasjonen har gitt Alver beskjed om at alle krav som Alver vurderer å avskrive, må sendast til NGIR for endeleg avgjerd.

### Kva løysningsgrad kan NGIR forventa av Alver kontra Intrum.

Intrum, som NGIR nyttar i dag, har ei løysingsgrad på mellom 95-98 %. Alver kommune gjev ikkje klare tilbakemeldingar på % løysingsgrad, men meiner at sakene vil verta løyst raskare enn via eigeninkasso. Dei meina at kostnadane for skyldnar vil verta mindre.



## GDPR og persondata.

NGIR er streng på kven som får tilgang til informasjon kring avtalar og saker. Fram til no har førespurnadar gått mellom Alver kommune v/løn og rekneskap og NGIR på e-post. Dette er ikkje ein god måte å utveksla informasjon i slike saker. Intrum har eige web-system med personleg innlogging, for å ivareta sikkerheit. Alver kommunen melder at når integrasjonar og tilpassing av system er på plass vil dette vera i varetatt, og informasjonsutveksling vil gå via system (som nemnt over).

Vidare er NGIR streng på kven me sender ulike dokument vedrørande eigedomar til (heimelshavar skal nyttast), ved avvik skal ein nytta fullmaktsskjema. Her må rutinar tilpassast slik at ikkje informasjon kjem på avvegar, då me opplever at kommunen per no har ein annan praksis.

## **Styret sitt framlegg til vedtak:**

Representantskapet tek saka til orientering.